



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Grete Hamre
Telefon: 57643141
E-post: fmsfgrh@fylkesmannen.no

Vår dato
16.05.2014
Dykkar dato
19.02.2014

Vår referanse
2014/799 - 461.5
Dykkar referanse

Breivika Båthavn v/Kjell-Atle Reksten
Auklandsvegen 41
6900 FLORØ

Breivika Båthavn - løyve til utfylling i sjø

Fylkesmannen gir Breivika Båthavn v/Kjell-Atle Reksten løyve etter ureiningsregelverket til utfylling med til saman 11 000 m³ masse i sjøen ved i Breivika i Flora kommune. Løyvet er gitt på nærare vilkår, og tiltaket må gjennomførast innan to år. For arbeidet Fylkesmannen har hatt med utsleppsløyve må det betalast eit gebyr til staten.

Vi viser til søknad datert 19.02.2014.

I samband med bygging av ny molo og utfylling i sjøkanten mellom land og «molo-øya» i Breivika i Flora kommune, har Breivika Båthavn v/Kjell-Atle Reksten søkt Fylkesmannen om løyve til utfylling både frå lekter og frå land. Moloen vil gjere nytte som bølgevern og sikringstiltak for småbåtanlegget slik at ein unngår skadar som følgjer av ekstrem vind, noko som var tilfelle etter uvêret Dagmar i 2011. Tiltaket vil omfatte fylling med ca. 11 000 m³ sprengstein fordelt på eit areal på ca. 300 m². Fyllingsmassane vert sprengde ut i samband med utdjuing av innseglinga til Florø hamn.

Med heimel i § 11, jf. § 16 i lov om forurensninger og om avfall (ureiningslova) og § 22-6 i forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta), gir Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Breivika Båthavn v/Kjell-Atle Reksten løyve til utfylling i Breivika i Flora kommune som omsøkt. Løyvet er gitt med vilkår.

Løyvet gjeld i 2 år. Dersom tiltaka ikkje vert gjennomførte innan denne fristen, fell løyvet bort. Alternativt må det i god tid søkjast om forlenging av løyveperioden.

Vilkår for løyvet

1. Dumping skal utførast på ein slik måte at finpartikulært materiale i minst mogleg grad vert spreidd til omjevnadene.
2. Tiltaket skal gjennomførast og følgjast opp i samsvar med søknaden og elles på ein slik måte at det ikkje medfører unødige ulemper for naboar og andre brukarinteresser i området. Dette gjeld særskilt den endelege utsjånaden til anlegget. Dersom det oppstår ulemper / skader som følgje av arbeidet, skal tiltakshavar straks stogge arbeidet og melde frå til Fylkesmannen.
3. Det skal utarbeidast ein sluttrapport der resultatet av arbeidet vert presentert og vurdert i høve til dei vilkåra som er sett i løyvet. Rapporten skal sendast til Fylkesmannen innan seks veker etter at tiltaket er gjennomført og skal m.a. innehalde:
 - Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har vorte dumpa (rekna i m³ eller tonn).
 - Plassering av massane (posisjon)

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

- Omtale av korleis arbeidet er utført, særskilt med vekt på ev. avvik i høve til søknad. Avvik skal grunngjevast.

Høyringsuttaler

Søknaden har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn ved administrasjonen i Flora kommune i tida 14. mars - 4. april 2014. Han har også vore send direkte til berørte naboar og andre partar med interesse i saka. I tillegg vart søknaden annonsert i avisa Firdaposten og han har vore publisert på Fylkesmannen si heimeside.

Det har kome inn tre uttaler til søknaden.

Flora kommune

Kommunen er ikkje kjend med at det er spesielle interesser knytte til flora og fauna i området som vert berørt av tiltaket. Rapport frå Fjord-Lab viser at vassgjennomstrøyminga ikkje vert vesentleg påverka av utfyllinga, og at ev. ureining ikkje vil auke som følge av tiltaket. Kommunen er heller ikkje kjend med at det er andre interesser i området som vil bli vesentleg berørte ved fylling med stein og bygging av molo.

Fiskeridirektoratet

Har ingen merknader til tiltaket.

Brit Sande (nabo)

Båthamna har frå starten av vore prega av kortsiktig planlegging og dårleg utføring. Ho aksepterer ikkje at visuell og miljømessig ureining held fram utanfor vindaugo hennar ved bygging av molo, og ber om at det vert lagt fram alternativ til massiv utfylling av terrenget. Ho ber også om ei utdjuing av kva lyssetting som er tenkt. Ho aksepterer heller ikkje at det blir fylt igjen mellom land og «molo-øya», og ser heller at det bli opna opp i staden for fylling. Ho nemner skjemmaende algevekst som resultat av allereie stillestående vatn.

Breivika Båthavn sine merknader til uttalene:

Brit Sande:

Det Brit Sande karakteriserer som kortsiktige tiltak og dårleg utføring, er strakstiltak for å sikre hamna fram til fullgod løysing er ferdig. Gangvegen langs promenaden vil bli pynta opp og grusa etter at anleggsarbeidet er ferdig. Midlertidig vernemur vil bli støttemur på innsida av fyllinga og blir ein del av denne. Det skal ikkje setjast opp fleire lysmaster, men det må monterast eit markeringslys på moloenden som peikar vestover og som viser innseglinga til båthamna. Algevekst vert ikkje knytt til dårleg vassgjennomstrøyming og blir også observert i opne viker ute i «øyane». Reguleringsendringa er godkjend av Plan- og miljøutvalet og Flora bystyre.

Grunngjeving for avgjerda

I samband med bygging av molo og fylling i sjøkanten mellom land på nordsida og «molo-øya» ved båthamna i Breivika i Flora kommune, har Breivika båthavn v/Kjell-Atle Reksten søkt Fylkesmannen om løyve til dumping av sprengstein i sjøen. Tiltaket omfattar dumping / fylling med ca. 11 000 m³ masse over eit areal på ca.300 m². Dumpinga i samband med bygging av molo skal utførast frå sjø, medan utfylling mellom land og «moloøya» skal utførast frå land.

Området det er søkt om for dumping og utfylling i Breivika høyrer inn under vassførekomsten Gunhildvågen - Klubbevika 0281011100-2-C (www.vann-nett.no).

Vasstypen er karakterisert som beskytta kyst / fjord. Den økologiske tilstanden er antatt moderat. Kjemisk tilstand er ikkje definert.

Fishguard Måløy har på oppdrag frå Breivika Båthavn utført ei miljøgransking i sjøområdet der steinmassane er planlagt utfyllt. Undersøkinga er avgrensa til ei forenkla «Trinn 1-gransking» og vart utført 14.02.2014. Det vart tatt ut sedimentprøve frå området der det er planlagt fylling. Prøven vart analyserte for tørrstoff, tungmetall, PAH, PCB, TBT, kornfordeling og mengd organisk materiale (gløderest).

Resultata viser at prøven frå utfyllingsområdet ikkje overskrid grenseverdiane for økologisk risiko for dei aktuelle miljøgiftene. Området som er planlagt for utfylling representerer difor ikkje fare for spreining av ureining, og det vert ikkje vurdert som naudsynt å setje i verk avbøtande tiltak.

Ut frå opplysningar som er gitt i samband med søknaden, vurderer vi dei miljømessige ulempene med tiltaket som små. Fylkesmannen finn heller ikkje at tiltaket vil vere til vesentleg skade eller ulempe for miljøet i høve føringane som ligg i vassforskrifta og naturmangfaldlova.

Fylkesmannen har gått gjennom dei innkomne høyringsuttalene. Vi ser på uttalen frå Brit Sande som dels eit forhold av privatrettsleg karakter, og dels eit forhold som gjeld plan- og bygningslova. I uttalene kjem det difor ikkje fram ny informasjon som skulle tilseie at det ikkje kan gjevast løyve etter ureiningsregelverket til bygging av molo og utfylling i sjøkanten.

Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Som varsla i e-post frå Fylkesmannen dagsett 30.08.2013 vert gebyret for handsaming av søknaden plassert i gebyrsats 4, dvs. kr. 20.600 jf. ureiningsforskrifta § 39-3 og § 39-4, Det har ikkje kome merknad til varslet.

Sidan sakshandsaminga har ført til relativt låg arbeidsmengd, vert gebyret i denne saka sett til 50 % av gebyrsats 4. **Vi vedtek med dette at Breivika Båthavn skal betale eit gebyr på kr 10.300,-.**

Dersom vi ikkje får merknad til vedtaket innan tre veker, vert faktura for innbetaling til statskassa send frå Miljødirektoratet. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere om eller setje nye vilkår for løyvet og ev. trekkje løyvet attende etter reglane i ureiningslova § 18.

Ansvar

Sjølv om det er gitt løyve, pliktar den ansvarlege å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og av vanlege erstatningsreglar jf. kapittel 8 og 10 i ureiningslova. Dette løyvet frittek ikkje søkjaren å hente inn naudsynte eller samtykkje frå andre styresmakter eller privatpersonar.

Offentleggjering av løyvet

Løyvet vert kunngjort på Fylkesmannen si heimeside www.fmsf.no.

Klagerett

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken jf. forvaltningslova § 29. Klageretten gjeld også vedtak om gebyr for sakshandsaminga. Jf. § 41-5 i ureiningsforskrifta.

Eventuell klage bør grunngjevast skriftleg og skal rettast til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven, og han skal sendast til klageorganet via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt gebyr refundert.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Grete Hamre
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Ingolv Øien, Solhaugvegen 3, 6900 Florø
Olav Strømsøy, Breivikvegen 17, 6900 Florø
Aksel Gulbrandsen, Postboks 287, 6902 Florø
Johan Petter Thue, Lyngvegen 11, 6900 Florø
Rose Mari Eimhjellen, Lyngvegen 9, 6900 Florø
Silje Jansen Nybø, Lyngvegen 7, 6900 Florø
Brit Sande, Lyngvegen 5, 6900 Florø
Mary Værholm Pedersen, Vestnesvegen 48, 6900 Florø
Hans Erik Stenseth, Nordalsmarka 6, 6900 Florø
Kjartan Godø, Seljetun 1G, 6900 Florø
Per Gregoriussen Godø, 6916 Barekstad
Geir Einride Sandal, Vestnesvegen 3B, 6900 Florø
Gry og Knut Arild Ommedal, Digreneset 25, 6900 Florø
Kari Sunde, Digreneset 27, 6900 Florø
Per Egil Book, Digreneset 29, 6900 Florø
Eilif Døsen, Østre Hopsvegen 32, 5232 Paradis
Telenor Eiendom Holding AS, Snarøyveien 30, 1331 Fornebu
Flora hamn, Fugleskjærskai P, 6900 Florø

Kopi pr. e-post til:

Flora kommune
iVest Consult AS
Kystverket